

Bokmelding:

Michael Mann, 1986: «The sources of social power. Volume 1: A history of power from the beginning to A.D. 1760.»

Av Erling Berge, 5. mars 1986

Teoriar om historisk utvikling, om kvar vi kjem frå og kva som har forma oss, har brei appell langt ut over faga sosiologi og historie. I sosiologien utgjer grunnleggande oppfatningar omkring kva som er drivkrefte i den historiske utviklinga ein viktig, men ofte usagt, del også i studiar av dagens samfunn. Viktige oppfatningar om kva som er drivkrefte i historisk utvikling kan samlast under merkelappar som «klassekamp teori» og «struktur-funksjonalistisk evolusjonsteori». Boka til Mann lar seg ikkje utan vidare plassere i nokon av desse kategoriane. Den har element av begge, men går minst eitt skritt vidare ved å gi ein meir kompleks multi-faktor forklaring på kva som er drivkrefte i historia. Den er ein uvanleg lesverdig, innsiktfull og teoretisk velfundert freistnad på å gi ei samlande framstilling av kor kompleks historisk utvikling er. Etter denne boka må det vere vanskeleg å presentere studier der ein freistar å finne kva for ein faktor som var «den viktigaste» eller som «i siste instans» vart avgjernade. Utviklinga av komplekse system som sivilisasjonar, er styrt av ei like kompleks mengde faktorar. Ulike faktorar er i rampelyset

til ei kvar tid, men alle verkar og er med å gi retning og form til utviklinga.

Når sosiologar skriv historie, vil det alltid vere problem i høve til fag-historikarar. Det vil som regel kunne reisast innvendingar både mot utvalet av kjelder og tolkninga av dei. Boka er likevel først og fremst eit stykke teoretisk sosiologi, og om innvendingar skal ha noka interesse, må dei vise til fakta eller tolkningar som er i strid med den teoretiske modellen som er lagt fram. At fakta ikkje er diskutert, eller tolkningane for unyanserte, er ikkje nok. Den teoretiske ramma som er presentert i denne boka er likevel svært knapp. Det er lova ei grundigare framstilling i bind tre av studien. Om den held samme kvalitet som dette bindet, har Mann flytt grensene for kva som er førsteklasses teori om samfunnsutvikling.

Hovedtemaet for boka er makt, kva som gir makt og korleis makt blir organisert og brukta. Mann fortel om framveksten av dei første sivilisasjonane og om korleis makta vart organisert der. Han følgjer så fronten i utviklinga og bruken av makt opp gjennom historia: Mesopotamia,

Fønikarar og Grekara, Roma og Vest-Europa med korte ekskursjonar til China, India, Egypt og Mellomamerika for å freiste å samanlikne utviklingstrekke i ulike tidlege sivilisasjonar. Den komparative oppgåva blir likevel vanskeleg. Det er rett og slett for få døme på uavhengig sivilisasjonsutvikling. Kor vidt utviklinga vi har vore vitne til var «nødvendig» eller «tilfeldig», kan ikkje avgjeraast av dei data som står til rådvelde.

Kva er så det sentrale i den modellen Mann har lagt fram? Når menneske arbeider for å nå måla sine, vil dei underveis utvikle teknikkar og organisasjonar som hjelphemiddel. Det blir skapt, utvikla og organisert makt. Mann finn at det her vil kunne vere tale om fire typer makt. Økonomiskt makt er basert på produksjon og fordeling av materielle goder. Militær makt er basert på organisert bruk av fysisk makt. Ideologisk makt er basert på å kunne skape og manipulere symbol som kan organisere og tolke kvardagslivets erfaringar. Endeleg har vi politisk makt som ligg i statsapparatets evne til å organisere og koordinere aktivitetane til ulike aktørar og aktørgrupper. Nøkkelord for alle typer makt er organisasjon og nettverk. Det er tale om fire typer makt-nettverk svarande til dei fire typene makt. Mann's bok er historia om korleis desse fire typene vaks fram i stor skala og korleis dei har fungert, dels saman og dels i motsetting til kvarandre.

Sentralt for militær og økonomisk makt er logistikken i det å bruke makta: kor mye militær makt kan konentrerast til eit gitt punkt, kor fort og kor lenge? Kor mye gods kan transporterast mellom gitte punkt, kor lang tid tar det, og kva kostar det? Ut frå logistiske vurderingar kan det dragast slutningar om korleis dei

tidlege imperia fungerte og tilhøva mellom sentrale og perifere maktaktørar. Dagleglivet både for høg og låg var den gongen usynleg og upåvirkleg av den sentrale statsmakta. Berre indirekte gjennom direktiv til provinsstyrarar og skattar på det som rørde seg, fekk den sentrale makta verknader. Likeeins vil kunnskap om transportteknologi saman med geopolitisk lokalisering indikere noko om komparative føremoner for handel med ulike typer varer. For ideologisk og politisk makt spelar utviklinga av informasjonsteknologien samme rolla. Evna til å samle inn, tolke, lagre og distribuere informasjon har vore sentral for framveksten både av religiøse organisasjonar og statsadministrasjonar. Framveksten av pengesystem og skriftspråk og utbreiinga av lese- og skrivekunne er her sentral. Både pengar og skriftspråk vart utvikla som hjelphemiddel for økonomiske transaksjonar. Dette skjedde opprinneleg innan statsadministrasjonen, men kunnskapen fann snart vegen ut i samfunnet og til grenseområda for dei første sivilisasjonane, der den sentrale makta ikkje kunne nå. Dermed vart perifere handelsfolk mellom dei første som i større grad var lese- og skrivekydige. Det er rimeleg å sjå dette i samanheng med at det var perifere handelsfolk som jødar og arabarar som utvikla dei store «bokreligionane». Det var likeeins perifere handelsfolk som fønikarar og grekarar som vart pionerane i den viiskelege tolkninga av røyndomen.

Maktutviklinga har vore kumulativ i den forstand at nyutvikla maktteknikkar har vorte lagt til eksisterande samtidig som eksisterande vart transformert av dei nye. Utviklinga har vore dialektisk i den forstand at når eit maktsentrum er etablert, vil dette

senteret stimulere til maktvekst i grenseområda. Utviklinga kan sjåast som ein makt-stafett der nyutvikla makt og nye maktcentra på grensa til dei gamle imperia tar over utviklinga anten bokstaveleg ved å erobre det gamle maktcenteret for å etablere eit nytt dynasti eller meir figurleg ved å skape sitt eige nye imperium større og mektigare enn det gamle. På denne måten har maktfronten flytt seg vestover gjennom årtusena. Frå den første sivilisasjonen i Mesopotamia via Athen, Roma og Vest-Europa til USA (den siste forflyttinga kjem først i bind 2 som enno ikkje er publisert). Det kan også sporast ei pendling mellom dei monolittiske despotiske imperia i Mesopotamia og Roma og det som kan kallast multiktor sivilisasjonar som Athen og Vest-Europa.

I dei monolittiske imperia var det herskaren si makt som stod som garantist for det nødvendige samarbeidet. Det var imperium grunnlagt på tvangssamarbeid (compulsory cooperation). I multi-aktør sivilisasjonane måtte grunnlaget for samarbeid skapast på andre måtar. I den greske sivilisasjonen var det felles-skapsånda som voks fram i småbyane, forsterka og utvikla både gjennom kamp teknikkar (hopelit-formasjonen) og det demokratiske styringssystemet som stod for dette. I Vest-Europa etter Romarrikets samanbrot var det kristendommen som ga systemet den grunnleggande normative integrasjonen nødvendig for handel og utveksling av kunnskap. Nett i handsaminga av religionens rolle generelt og kristendommens rolle i Europas utvikling spesielt, trur eg Mann gir eit viktig bidrag til auka innsikt omkring framveksten av sivilisasjonen vår.

Om lesaren så langt har fått ei

kjensle av at eg er oppglødd over boka, er det rett. Etter mi meinings tar den et langt steg i rett lei for teoriar om sosial endring. Men den representerer på langt nær siste ordet. Slik den teoretiske ramma er framstilt, kan den angripast eller rettare: gjerast betre på i alle høve to punkt. Det viktige punktet gjeld spørsmålet om kva «political power» er for noko, det meir kosmetiske, men potensielt viktige, gjeld innsikten i kva strukturelle årsaker er for noko.

For å ta det siste først. Å omtale sivilisasjonar som China eller maktnettverk som kristendommen som om det var aktørar med intensjonar og viljestyrke, gjer ein i dag ikkje ustrafka. Det kan vere at ein av stilistiske grunnar vel å framstille ei utvikling på denne måten – og boka er velskriven trass i at den til tider kan vere vanskeleg. Men om så er, må ein tidleg gjøre det klart kva som då skal ligge i den kvasi-funksjonelle språkbruken. Stort sett trur eg det hos Mann ligg til grunn eit omgrep om strukturell føring. Om ein i utgangspunktet går ut frå at den store mengda av menneskeleg aktivitet følgjer ein kombinert veg av minste motstand og maksimal «profitt» (teke i vidaste tyding), vil ein lett kunne finne at eksisterande strukturar, både materielle og institusjonelle, vil forme og kanalisere straumen av menneskeleg aktivitet. På den måten kan ein seie at kristendommen oppmuntra utviklinga av eit kirkemonopol på skrive- og lesekunne. Ein verdsreligion i seg sjølv kan ikkje tenkast å forfölge bevisst ein strategi om å skaffe seg monopol over lese- og skrivekunstens infrastruktur like fram til kontroll med alt skriftleg materiale og lovgjeving. Likevel synest det som om alle verdsreligio-

nane langt på veg klarte dette med hinduismen som den som nådde lengst (side 368).

Når det gjeld omgrepet politisk makt trur eg problema er meir grunnleggjade. Reinst bortsett frå at namnet kan gi assosiasjonar i retning av «parti-politisk» makt som vel like gjerne kan kome under rubrikken ideologisk makt, er det uklart kva som eigentleg er kjelda for makt for statsadministrasjonen. For økonomisk, militær og ideologisk makt er det klart at det er tale om kontroll over attråverdige goder. Men den essensielle eller minimale staten produserar ikkje goder som liknar på dette. Staten ser ut til å vekse fram i samband med tre oppgåver: 1) å framskaffe eit pengesystem, 2) å framskaffe eit felles språk og 3) å gi ein garanti for at transaksjonar er «rettferdige». Av dette følgjer det visse konsekvensar i retning av kontroll over militær makt, rekkevidde over territorium, oppbygging av byråkrati og trong for inntekter. Det interessant er likevel at «minimalstatten» essensielt veks fram omkring oppgåver som går på forma og kvaliteten av sosiale relasjonar heller enn på innhaldet i dei. Dermed blir statens makt (political power) av ein annan type enn dei tre andre. Dette kan gje grunnlag for å handsame staten som ein aktør i ein klasse for seg, som i ein viss forstand ein system-ansvarleg aktør. Det er også interessant å sjå at historia synest vise at statlege tiltak som dei her omtalte, har ein positiv multiplikatoreffekt for dei andre makt-aktørane. Makta til økonometiske, militære og ideologiske aktørar blir større som ein følge av staten. Dermed oppstår ein «bur-effekt» for dei andre aktørane. Det blir for «dyrt» å «stemme med føtten». Sjølv når staten legg til seg unød-

vendige oppgåver og tar ei despotisk undertrykkande form med ei skattlegging som er vond å svele, kan tapet ved å fjerne staten vere større enn vinsten ved å godta den – i alle fall for fleirtalet av den potensielle opposisjonen.

For meg ser det ut til at det er særleg på spørsmålet om kvar staten si makt essensielt kjem frå, og korleis den er relatert til dei andre typene makt, at Mann treng å arbeide vidare. Både Weber sin definisjon og seinare freistnader kan litt for lett reduserast til kombinasjonar av dei andre tre makttypene. Men sjølv om staten koordinerer og gjer bruk av dei andre makttypene, er det vanskeleg å tenke seg at staten som institusjon skulle kunne overleve og styrke stillinga si over ein periode på 4000 år utan eit sjølvstendig bidrag til samfunnet. Staten som rein parasitt er ingen truverdig modell. Og staten som parasitt er langt frå Mann sin modell. Han legg stor vekt på bur-effekten til staten (the caging effect). Likevel blir det noko uklart kva «political power» er for noko og korleis den relaterer seg til dei andre typene makt.

Når det er sagt, må eg likevel få legge til at merknader som dei som her er lagt fram, og andre som truleg kan gjerast om dei store delene av boka som eg ikkje har diskutert så vel som dei store delene av verdshistoria som Mann ikkje har diskutert, er meir å sjå som inspirasjon til vidare arbeid enn som freistnader på å så tvil om kvaliteten av det som alt er gjort.

Mann, Michael, 1986 *The sources of social power. Volume I: A history of power from the beginning to A.D. 1760.* Cambridge, Cambridge University Press, ISBN 052131349X, pp. 549, GBP12.95.